



Byggmester Arne Brandsdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4329 - 16/12396

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

17.06.2016

Godkjenning - igangsettingsløyve for deler av tiltaket, innreiingsarbeid medrekna tekniske installasjonar, næringsbygg på Moldekleiv, gbnr 27/255.

Administrativt vedtak. Saknr: 206/2016

Tiltakshavar:

Arnavågen Eiendom AS

Ansvarleg søker:

Byggmester Arne Brandsdal

Søknadstype:

Søknad om igangsettingsløyve for deler av tiltak med ansvarsrett etter plan – og bygningslova (p bl.) § 20- 1, jf pbl § 21 - 4, 3. ledd.

Saksutgreiing/vurdering :

Byggmester Arne Brandsdal har på vegne av Arnavågen Eignedom AS søkt om igangsettingsløyve for deler av tiltaket, innreiingsarbeid medrekna tekniske installasjonar - næringsbygg på Moldekleiv, gbnr 27/255.

Det vert også søkt om endring av innreiing av bygget i høve til teikningar godkjend i rammeløyve, sak 246/2015.

Rammeløyve og igangsettingsløyve for oppføring av næringsbygg er gitt i administrativt vedtak 246/2015 – dagsett 17.08.2015.

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Moldekleiv – planid 125619780001 - avsett til industriområde. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Omsøkt endring av innreiing av bygget medfører ikkje endring av fasader. I samsvar med pbl § 21-3 vert det gitt fritak for nabovarsling for endring av innreiing.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram søknader om ansvarsrettar og gjennomføringsplan versjon 2 dagsett 26.06.2015 og godkjend i adm.vedtak 246/2015. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 – 1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for deler tiltaket , innreiingsarbeid medrekna tekniske installasjonar – oppføring av næringsbygg gbnr 27/255 på Moldekleiv, jf søknad med vedlegg motteke 01.06.2016.

Meland kommune godkjenner i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 endra innreiing av bygget i samsvar med teikningar godkjend 17.06.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan versjon 2 dagsett 26.06.2015, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

27-255

27-255 teikning 1 ets

27-255 teikning 1a ets

27-255 teikning 2 ets

27-255 teikning 3 ets

Kopi til:

Arnavågen Eiendom as

Tunesvegen 312 5264

GARNES

Mottakere:

Byggmester Arne Brandsdal